

Høyringsfråsegn til NVE sitt «Forslag til nasjonal ramme for vindkraft»

Innhald

Konklusjon	side 2
Samandrag	side 2
Vindkraft og landskapet	side 4
Vindkraft og verneområda	side 5
Vindkraft og friluftslivet	side 7
Vindkraft og næringslivet	side 9
Vindkraft og busetnaden	side 10
Vindkraft og inngrepsfrie naturområde	side 10
Vindkraft og arts mangfaldet	side 11
Vindkraft og klimakrisa	side 11
Vindkraft, kunnskap og demokrati	side 12
Vedlegg:	
Kommentar til utbyggingsområde	side 13

Informasjonskomiteen mot vindkraft i Fjaler, Gaular (Sunnfjord frå 1.1.20), Hyllestad og Høyanger kommune.

**Til Olje- og energidepartementet
Oslo**

Høyringsfråsegn til NVE sitt «Forslag til nasjonal ramme for vindkraft»

Frå Informasjonskomiteen mot vindkraft i Fjaler, Gaular (Sunnfjord frå 1.1.20), Hyllestad og Høyanger kommune.

Konklusjon

Kommunane våre er ikkje eigna for vindkraftanlegg fordi det vil vere i konflikt med viktige verdiar og ha store negative konsekvensar for natur og miljø, busetnad, friluftsliv, arts mangfald og næringsliv.

Kommunestyra i dei fire kommunane, Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger har samrøystes eller med stort fleirtal gått mot vindkraftutbygging.

Informasjonskomiteen krev at område 19 vert teken ut av NVE sin rammeplan for vindkraft og at det vert slege fast at det er uaktuelt med utbygging her.

Samandrag

Informasjonskomiteen har i denne fråsegna vurdert konsekvensar av ei mogleg vindkraftutbygging i det som er nemnt som område 19 i NVE sitt forslag til rammeplan for vindkraft i Norge, og som femner om kommunane Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger.

Innbyggjarar i dei fire kommunane i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger har sidan forslaget til nasjonal ramme for vindkraft vart lagt fram 1.april 2019 søkt informasjon og hatt dialog om konsekvensar av vindkraftutbyggingar. Motstanden har auka markant sidan den gongen, og det er skipa ein interkommunal informasjonskomité mot vindkraft i området, med to representantar frå kvar av dei fire kommunane. I denne fråsegna kjem komiteen med synspunkt og perspektiv på konsekvensar for busetnad, næringsliv og naturmiljø ved ei eventuell utbygging av vindkraft i område 19 i forslaget frå NVE.

Vi meiner det er feil når det i forslaget til nasjonal ramme, er skrive at det er mindre konfliktfylt med vindkraftutbygging i området vårt i høve til andre område. Vindindustri i fjella våre vil medføre enorme irreversible naturskadar, øydelegge verneverdiar, redusere friluftslivet og grunnlaget for busetjing og næringsliv. I området er det to verna vassdrag, Flekke- og Guddalsvassdraget og Gaularvassdraget. I Gaular er det landskapsvernområde og Nasjonal turistveg. Her er fleire naturreservat som har stor verdi som hekkelokalitet for fleire kravfulle og sjeldne artar. Informasjonskomiteen krev difor at område 19 vert teke ut av NVE sitt forslag til rammeplan for vindkraft.

I høyringsfråsegna kommenterer Informasjonskomiteen konsekvensane av vindindustri på fleire tema, landskapet, friluftslivet, næringslivet, busetnaden, verneområda, urørt natur og arts mangfaldet. Til slutt seier vi noko om vindkraftutbygging og klimakrisa, og vi gjev uttrykk for at prosessen med handsaming av saker om vindkraft er lite demokratiske. Hovudsynspunkta i fråsegna er:

- Den landskapsmessige belastninga på fjellområda og all nærliggande geografi vert stor. Avbøtande tiltak vil aldri kunne kompensere for dette. Landskapet vert mindre attraktivt for busetting og misser verdi som reiselivsmål.
- Vindindustri vil få store konsekvensar for det bygdenære friluftslivet. Fjellområda vil vere omgjort frå villmark til industriområde, og ikkje gje grunnlag for villmarksprega friluftsliv.
- For basisnæringar som landbruk og reiseliv vil vindindustri ha svært negative konsekvensar. Landbruket er grunnlag for busetting i mange av bygdene våre.
- Erfaringar frå utbygde vindkraftområde viser ei negativ utvikling i busetting. Eigedomsværdien fell i området. All utvikling stagnerer og fråflyttinga aukar.
- Det er knytt stor uvisse til mange dyre- og planteartar med ei vindkraftutbygging.
- Det er ikkje dokumentert at ei omfattande vindkraftutbygging vil føre til redusert bruk av fossil energi.
- Utbyggingsinteresser prøver alt no å presse fram ei positiv avgjerd om vindkraft, trass i stor lokal motstand og nei frå nesten samrøystes kommunestyre.

Underskriftsaksjon

Informasjonskomiteen har gjennomført ein underskriftsaksjon, på papir og på nett. Samla har pr.dato 5465 skrive under på oppropet som er referert under. Samla folketal i dei fire kommunane var ved utgangen av 2.kvartal i år: 11226. Ein del av underskrivarane er frå andre kommunar.

«Vi som skriv under på dette, er mot plassering av vindkraftanlegg i kommunane våre. Vi vil ikkje at vindkraftanlegg skal øydelegge naturlandskap, miljø, friluftsliv og allemannsretten i fjella våre. Fjellområda betyr mykje både som rekreasjonsområde for menneska, og som leveområde for dyr, fuglar og planter. Høge vindturbinar, omfattande veganlegg, fleire overføringslinjer og koplings-/trafostasjonar, blir så dominerande og skjemmande at vi ser det som øydelegging. Fjellområda våre har ein større og vidare verdi, enn det som kan målast i pengar slik kilowattimar kan.

Dette oppropet med underskriftene våre, er vår høyringsfråsegn til Olje -og energidepartementet, med krav om at areala i kommunane våre blir teke ut av nasjonal ramme for vindkraft.»

Underskriftslistene er sendt inn som eige høyringssvar.

Vindkraft og landskapet

Landskapet i dei lågareliggande områda, er grender og bygder, der det vert drive aktivt landbruk i eit levande kulturlandskap. Kulturlandskapet med frodige enger og innmarksbeite, går over til utmark og naturlandskap i fjellområda. Landskapet er utan større tekniske inngrep. Vindkraftanlegg er industri som endrar naturen radikalt, både nærmiljø og naturmiljø. Og med det for alle som ferdsel i område med vindindustri. Vindkraftverk i fjella våre vil ta område frå fri ferdsel, og øydelegge dei for all framtid, med bygging av vegar, skjeringar, fyllingar og standplassar for vindturbinar med ei høgd på 180-300m. Vindkraft får store fylgjer for økosystema der det vert utbygd.

Vindturbinar kan i klårver vere synlege over avstandar på 40-50 km, og dei gjev ein signifikant visuell verknad på avstandar opp til 15-20 km. I tillegg til alle naturinngrepa som fylgjer med vindindustrien, vil difor heile landskapsbiletet endre seg. Vindturbinar krev lysmerking over ei viss turbinhøgde. Lysmerking av vindturbinar i fjellområda, vil gjere vindkraftanlegg visuelt dominerande over langt større avstandar, enn det som er tilfelle i dagslys.

Den landskapsmessige belastninga på fjellområda og all nærliggande geografi, vert difor stor. Avbøtande tiltak vil aldri kunne kompensere for dette. Landskapet vert mindre attraktivt for busetting og misser verdi som reiselivsmål.

Konsekvensane av ei vindkraftutbygging i fjellet vert mellom anna; sundsprengd natur, oppgrevne myrar, høge skjeringar og store fyllingar, vegar og oppstillingsplassar. Turbinblada er laga av materiale som ikkje kan resirkulerast eller attvinnast. Når turbinane er oppe og går, lagar dei støy, lysblink, skuggekasting og iskasting, dei drep insekt og fuglar. Skjeringane og fyllingane er til fare for hjort og andre dyr. Ved ei eventuell vindkraftutbygging, kan ein få eit stort vegnett på fjellet. Utbyggjarar reklamerar gjerne med at vegane gjev lett tilgang til fjellet, men det er ikkje gitt at folk flest får tilgang til desse vegane. Det er opp til kraftutbyggjar, kommune og grunneigar å avgjere.

Topografien i Gaular er slik at vindturbinar i dette området vil verte plassert på dei høgaste toppane, og vert svært synlege langs med heile Gaulardalføret. Skisser frå utbyggingsselskapa med omtrentleg plassering av turbinane syner dette klårt. I dette området er turbinane plasserte i 900 – 1100 moh. Med totalhøgde ein stad mellom 200 og 300 m vil turbinane vere synlege frå store deler av det busette dalføret, og mange bustadhus og hytter vert påverka av skuggekast. Mange stølshus og hytter i området vil verte utsette for iskast og støy. Det har vore antyda minst 60 – 80 vindturbinar i fjellområdet.

Hyllestad er ein liten kommune, med stor variasjon i landskapet. Kommunen har øyar ut mot havet, og kommunen har fjordar, Skifjorden, Åfjorden, Lifjorden og innløpet til Sognefjorden. Her er mange små vatn, grender og kyst ås- og fjellandskap.

Lifjellet er eit flott område som er viktig, men det er kanskje også det mest utilgjengelege fjellområdet i kommunen. Til kvardags, og gjerne etter arbeidstid er Vardeheia, Sørboheia, Torgeirsletta, Bøheia, Kolgrovheia, Rossvikheia, Dalsstølane, Sauesnøkjen, Robba og Hesjetinden vel så mykje nytta som rekreasjonsområde.

Vindkraftanlegg i fjella i Hyllestad vil vere synlege på fleire kilometers avstand, og vil difor påverke landskapet langt utover der dei eventuelle installasjonane vert sett opp. Frå Sognefjorden vil ein kunne sjå vindturbinar på Robba, Blåfjell og Tauningsnipa.

Det meste av området der Zephyr har planar om utbygging ligg over skoggrensa. Ei eventuell utbygging av vindkraft vil gje store sår i landskapet. I januar 2013 gjekk berre 11,6% av

Norge sitt areal som er registrert som vilmarksprega natur. Då er det minst fem km i luftline til større tekniske inngrep (SSB). Store delar av nemnde fjellområde er villmarksprega natur. Det er sær viktig at Hyllestad er med på å ta vare på den naturen, og ikkje gjer den om til eit industriområde. Mange vindkraftanlegg er sidan 2013 bygd i urørt natur, og den typen landskap er stadig minkande.

Vindkraft og verneområda

Område 19 i NVE sitt forslag femner om dei varig verna vassdraga Flekke- og Guddalsvassdraget som ligg i kommunane Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger, og Gaularvassdraget som ligg i kommunane Balestrand, Førde og Gaular. Vernerestriksjonane er sterke og verneområda er forvalta etter rikspolitiske retningslinjer. Både vassdraga er type- og referansevassdrag.

Gaularvassdraget

Gaularvassdraget er gjennom Verneplan 4 for vassdrag verna som type- og referansevassdrag. Med dette følgjer det strengaste vernet. St.prp 118 (1991-1992) seier m.a.: *«Inngrep som skjer utenfor selve vannstrengen kan ha vesentlig innvirkning på verneverdien»*. Det er utarbeidd Rikspolitiske retningslinjer som gjeld i nedbørfeltet til Gaularvassdraget, og i vassdragsrapport til Samla Plan, vassdrag nr 337 (1984), Gaularvassdraget, er dei ulike verneverdiane klassifiserte. Gaularvassdraget har fått fire stjerner på alle klassifiseringane, noko som betyr topp verdi innanfor naturvern, friluftsliv, vilt, fisk og kulturminnevern.

Det er difor svært underleg at NVE no finn at området ikkje har viktige verdier. Problemet med press mot naturen frå andre interesser ved verna vassdrag var også omtala i verneplan 3. Statens Friluftsråd seier her m.a. *«Verneinteressene her er sammenfallende og totalt sett meget store»*. St.prp. nr 118, side 8 seier at «Stortinget har tidlegare uttalt at en skal forsøke å hindre at andre inngrep enn vassdragsutbygging reduserer verneverdien i vassdragene», og «Utgangspunktet for vernet er at hele vassdragets nedbørfelt er vernet dersom ikke noe annet er utrykkelig fastslått i vernevedtaket».

Gaular kommune har vedteke ein forvaltningsplan for heile nedbørfeltet i samsvar med Rikspolitiske retningslinjer. Fjellområda har her fått det strengaste vernet. Det er difor strenge restriksjonar på alle typar inngrep i Gaularvassdraget sitt nedbørfelt. Dette gjeld m.a. all bygging, av vegar og alle inngrep i terrenget, utnytting av sidevassdraga til småkraftverk m.m. Grunneigarane og lokalsamfunnet sin handlefridom og sjanse til utnytting av ressursane i nærområdet er såleis sterkt avgrensa.

Utbygging av vindindustri i området er sterkt i strid med vernestatusen og forvaltninga av området. Difor kan ikkje vindindustri akseptast i området.

Flekke- og Guddalsvassdraget

Vassdraget er verna gjennom Verneplan 4 (1993) som type- og referansevassdrag og sidegreina Sørebeelva gjennom Supplering av verneplan for vassdrag (2005). Typevassdrag er at det er definert som vassdrag utan særleg store tekniske inngrep. Det er av slik storleik at det representerer eit landskapsbilete og flora/fauna som er typisk for denne regionen. Vassdraget er vurdert til å vere vassdrag som er lite påverka av større tekniske inngrep. Dette gjeld både for sjølve vassstrengen og i nedbørfeltet. Vassdraget er peika ut som

referansevassdrag fordi det ligg rimeleg nær opp til det «naturlege». Referansevassdrag har viktig rolle for forskning i dag og så langt ein kan sjå inn i framtida. For på den måten å kunne følge naturlege prosessar som har fått gå mest mogleg uforstyrra. Dei skal også tene som basis for vurderingar av andre vassdrag om kva som er naturlege variasjonar og utviklingstrekk.

På 1990 – talet vart det sett i gang stor kalkingsaktivitet i Flekke– og Guddalsvassdraget, for å redde fisken frå forsursdauden. Storsamfunnet har brukt store summer på kalking i fjellområda i og rundt Flekke- og Guddalsvassdraget. Åtte vatn er kalka i området. Dei fleste vatn som er kalka, har anten fått tilrettelagt for betre gyting eller det er sett ut yngel. Det er lagt ned mange dugnadstimar for å ta vare på fjellvatna i området. Sidan det er brukt store ressursar på å ta vare på vassdraget, vil det ikkje vere rett å øydelegge det med å plassere vindkraftanlegg her.

Nedbørsfeltet til Flekke– og Guddalsvassdraget er verna. I differensiert forvaltningsplan for Flekke– og Guddalsvassdraget, vedteken av Fjaler kommune, har fjellområda fått det strengaste vernet. Det er strenge restriksjonar på alle typar inngrep i vassdraget. Grunneigarane og lokalsamfunna sin handlefridom og sjanse til utnytte ressursane i nærområdet, er soleis sterkt avgrensa.

Flekke- og Guddalsvassdraget strekkjer seg inn i Hyllestad. Vassnedslagsfeltet til Flekke- og Guddalsvassdraget er i Hyllestad sin Landbruks-, natur og friluftsområdeplan (2009-2020) bandlagt etter lov om naturvern.

Zephyr har blant anna ynskt utbygging på Slettheia, som i Hyllestad har vasstilførsel mot Sandvatna som er ein del av Flekke- og Guddalsvassdraget.

Det er sær underleg at NVE peikar ut Flekke – og Guddalsvassdraget som eigna for vindkraft, når det er sær store offentlege verneverdiar i området. Utbygging av vindindustri står sterkt i strid med vernestatusane og forvaltninga av området. Vi kan difor ikkje godta vindindustri i området

Våtmarksområde i Hyllestad

Skor naturreservat i Hyllestad er verna med føremål å ta vare på eit viktig våtmarksområde, med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Det er særleg verna med omsyn til området sin verdi som hekkelokalitet for fleire kravfulle og sjeldsynte artar. Skor naturreservat er ein del av det verna Flekke- og Guddalsvassdraget.

I Skor ligg Markhusvatnet, det er ein del av det verna Flekke og Guddalsvassdraget. Frå Markhusvatnet renn elva vidare til Skortjørna, Pertjørna, Fuglevatnet og Botnavatnet. I 1991 vart desse vatna/tjørna i «Oversikt over viktige våtmarker i Norden» rekna som eit av dei 40 viktigaste våtmarksområda i Norden. I Skor har det blant anna hekketrane dei siste åra. I Skor ligg det eit Kvernsteinsbrot over Solås – Bjørkås, i Dalsbygda ligg det også eit, Grønehaugane, som ikkje er medteke i kommunen sine tidlegare kart over kvernsteinsområde. Området rundt Aksevatnet er også eit verna våtmarksområde. Hyllestad set ein pris på våtmarksområda sine, sjølv om det fører til ulemper for ferdsel og jordbruk.

Den Trondhjemske postvei

Frå Leirvik til Foss og vidare nordover og langs Espelandsvatnet, til Systad og Øvreås, Skor, Sveien og til Fjaler grense går; Den Trondhjemske postvei. I Skor går vegen forbi det viktige kvernhusmiljøet. Arbeidet med Den Trondhjemske postvei starta i 1780 og var ferdig i 1804. Statens vegvesen omtalar den som Norges lengste kulturminne. Dei driv med opprusting av vegen, spesielt i Lindås og Gulen. Delar av Den Trondhjemske postvei som går gjennom Hyllestad er i god stand, og er viktig turveg for rørslehemma, det kan trillast med barnevogn eller syklast på vegen.

Unesco Global Geopark

I kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund vert det arbeidd med å få til ein Unesco Global Park.

Vindkraft og friluftslivet

Vindindustri vil få store konsekvensar for det bygdenære friluftslivet. Fjellområda vil vere omgjort frå villmark til industriområde, og ikkje gje grunnlag for villmarksprega friluftsliv. Folkehelseeffekten med korte og lett tilgjengelege fjellturar i område 19 vert dårlegare. Tilgjenge til fjella vil dessutan bli sterkt redusert i månadane med fare for iskast frå turbinvengene (oktober – april).

Naturområda i Fjaler er tilrettelagt for eit variert spekter av friluftsliv, sommar som vinter. Dei topografiske tilhøva gjer til at det er høvesvis lett å ta seg fram både til fots og på ski. Vi har Taket, Styggeheia, Høgevarden, Langevatnet, Slettheia og fleire andre nære og kjære turmål. I tillegg har vi stølsbygg og gjetarbuer, som er viktige for tilsyn og sanking av dyr. Stølsbygg og gjetarbuer er i bruk heile året til rekreasjon og friluftsliv. Områda er også mykje nytta i samband med jakt og fiske. Sør for Flekke – og Guddalvassdraget heng fjellheimen i Fjaler, saman med fjella i Hyllestad og Høyanger. Dette området vert aktivt nytta av innbyggjarane i kommunane våre, og av tilreisande.

I Fjaler er område nord og sør for Flekke – og Guddalvassdraget peika ut som eigna for vindkraft. Dersom det vert vindkraft i desse områda, vil det ikkje vere att område for det nære friluftslivet.

Området som ligg i grensa mellom Gaular og Høyanger er mykje brukt som friluftsområde både sommar og vinter. Både folk frå Gaular og Høyanger har mange stolar og hytter i fjellet. Desse er populære utleigeobjekt, både for turgåarar, jegerar og sportsfiskarar. Blant dei som leiger regelmessig her, er det folk frå heile Sør-Noreg, og frå dei større byane, Bergen, Stavanger og Oslo. Vegen frå Vadheim forbi Markeset og inn i fjellområdet sør for Snøheia og Jemdalsnova gjev lett tilgjenge til storparten av området. Vert det bygt vindturbinar her, vil storparten av fjella her verte stengde og utrygge å ferdast i. Dette gjeld m.a. fare for iskast i store deler av området slik klimaet er her.

Jakt og fiske er og har vore svært viktig her. Bestanden av rype er aukande etter nokre svake år, men rypa er framleis raudlista. I fyrste del av jakttida er her mykje hjort og sommarbeita er viktige for hjortebestanden. Rypebestanden kan verte utrydda med vindturbinar over heile området. I fagrapportane til Samla Plan for vassdrag (1984), er området merka som svært viktig både for fugle – og dyreliv, med viktige trekkruter for hjort gjennom det planlagde anleggsområdet. Det er og observert regelmessig hekkande kongeørn vest for Snøheia.

I Høyanger sin del av området er det mange hytter som vert mykje nytta. Støybelastning og øydelagt turterreng sommar og vinter vil redusere bruksverdien av hyttene og området drastisk. Høyanger har avgrensa låglandsområde, og fjellområda er alt mykje påverka av vasskraftutbygging gjennom 100 år.

For mange av innbyggjarane i Høyanger tettstad har bruken av fjella særleg stor verdi og vert brukt til rekreasjon og diverse friluftaktivitetar. Innflyttarar vert ofte buande i bygda på grunn av det unike fjellområdet. Utbygging av vindkraftverk vil vere uoppretteleg og vil øydelegge eit unikt og høgt verdsett fjellområde. Resultatet vert redusert livskvalitet for innbyggjarane i Høyanger.

Vindkraft og næringslivet

Landbruk

Fjellbeita har alltid vore viktige. Fjella i område 19 har svært gode beite, høge lammeveker og lite tap av husdyr. Vert området utbygt som eit industriområde, med vegar, store fyllingar og skjeringar i det kuperte landskapet, og 60 – 80 vindturbinar, vil store deler av beiteområdet gå tapt.

I tillegg til særleg verdifulle beiteressursar, har fjellbeita færre skadegjerarar som flått, flugemakk osv. Gode fjellbeite er ein vesentleg del av ressursgrunnlaget for å drive aktivt landbruk. Bøndene har ikkje alternative beiteområde. Vi stiller difor spørsmålsteikn ved om NVE har gjort tilstrekkelege undersøkingar, når dei peikar ut dei einaste beiteområda vi har, som eigna til vindkraft. Sør for Flekke – og Guddalsvassdraget, er fjellbeita i Fjaler i nær tilknytning til fjellbeita i Hyllestad og Høyanger. Desse fjellbeita er difor viktige for bønder i tre kommunar. Aust for Flekke – og Guddalsvassdraget er fjellbeita nytta av beitedyra for kommunane Fjaler og Gaular.

Samanlikna med fjellbeite, har skogsbeite større problem med skadegjerarar. Skogsbeite er difor ikkje ynskjeleg som beite, særleg ikkje til sau. Dersom fjellområda vert utbygd som eit industriområde, vil store deler av beita gå tapt. Då vil grunnlaget for landbruket verte sterkt svekka. Landbruk er basisnæringa i bygdene våre, som gjev grunnlag for busetjing og støttenæringar. Vindkraftindustri vil difor få ringverknadar for all næringsutøving. Reduksjon av beitedyr vil også gje negativt utslag i kulturlandskapet, som vil endre seg radikalt.

Naturbasert reiseliv

Fjordane er eit særeige og sterkt varemerke i norsk reiseliv. Område 19 strekkjer seg frå utkanten av Noregs største bre i aust, til utløpet av både Dalsfjorden og Sognefjorden i vest. Dette er eit område der reiselivet har utvikla seg sterkt siste åra. Grunnlaget for dette er eit levande kulturlandskap og urørt natur. Vindindustri vil difor øydelegge grunnlaget for reiselivet i område 19.

I Gaular er Nasjonal Turistveg Gaularfjellet ein del av infrastrukturen og grunnlaget for reiselivet. Ved ei eventuell vindindustriutbygging i fjella her, står både nye infrastrukturinvesteringar frå Nasjonale Turistvegar og Gaularfjellet [sin status som nasjonal turistveg i fare](#). Dette vil få store negative konsekvensar for næringslivet.

Nasjonal Turistveg Gaularfjellet strekkjer seg frå Balestrand ved Sognefjorden, går langs Rv5 over Gaularfjellet og vidare frå Eldalsosen til Sande langs Rv610. Sentralt for utvalet av strekninga som Nasjonal Turistveg står opplevinga av vakre natur- og kulturlandskap. Desse opplevingane skal ikkje bli øydelagt av inngrep, men tilby turistar opplevingar av urørt natur i

samsvar med forventningane sine til Noreg. Nasjonal Turistveg er ein turistattraksjon som byggjer opp under landet som reiselivsmål. Vindkraftverk i fjella mellom Gaular og Høyanger vil øydelegge grunnlaget for Nasjonal Turistveg Gaularfjellet, og med det også for dalføret som reiselivsmål.

Både landbruk og reiseliv er basisnæringar i bygdene våre, som gjev grunnlag for busetting og støttenæringar. Vindindustri vil difor få ringverknader for all næringsutøving .

Positiv næringseffekt?

Erfaringar frå andre vindkraftprosjekt viser at både teknologi og infrastrukturinvesteringar er av ein slik karakter og storleik at ingen lokale leverandørar eller entreprenørar har kapasitet eller kompetanse til å levere anbod eller teknologi. Det meste vert levert og utført av store internasjonale teknologiverksemder, og større nasjonale entreprenørverksemder. Dei massive investeringane gjev difor få eller ingen lokale næringsmessige verknader som rettferdiggjør inngrepa og dei negative verknadane.

Vindkraft og busetnaden

Det særmerkte med bygdene våre er naturen, og natur utan større tekniske inngrep. Urørt natur og kort veg ut i naturen er ein av dei store grunnane for at folk vel å bu i kommunane våre. Vi har kort veg frå husa og ut, for å nyte og nytte naturen vår. Det kan og vere ein avgjerande faktor for at folk vel å flytte heim etter fullført utdanning. Naturen skaper bulyst og er bra for folkehelsa. Naturen er gratis å bruke.

Vi bur gjerne slik til at vi ikkje treng å bruke bil for å komme oss ut i naturen. Det er eit gode innbyggjarane i alle kommunane må få ta vare på.

Mange lever også av det naturen kan gje i form av at dei er aktive bønder. Nærleik til naturen og kort veg til å drive enkelt og aktivt friluftsliv, er ein viktig grunn til at mange unge vel å flytte heim etter ferdig utdanning. Slik ynskjer vi det skal vere i framtida også.

Støy frå vindkraft er dårleg vitskapleg undersøkt i Noreg. I *Rapport nr 13-2017*

Støyutbredelse ved vindkraftverk med "typisk norsk" topografi, utgitt av NVE, står det at det er grunnlag for å tru at støysjenanse kan vere større i vindkraftanlegg med komplekst terreng, enn i flatare landskap. Landskapa våre er kuperte, og vi har dessutan ikkje andre støykjelder, sokalla bakgrunnstøy, som kan maskere støy frå vindkraftanlegg. Støy i våre område vil difor opplevast meir støyande enn område som har bakgrunnstøy. Kva effekt støy og infralyd har på helsa til menneske og dyr er lite undersøkt, særleg infralyd. Det er stor risiko for at det vert dårlegare livskvalitet og helse for dei som vert råka.

Erfaringar frå utbygde vindkraftområde viser ei negativ utvikling i busetting.

Eigedomsverdien fell i området, all utvikling stagnerer og fråflyttinga aukar. I kommunane våre har vi bruk for alle dei folka vi har, og må legge til rette for auka busetting og liv framfor industriutvikling i fjella. Vi legg til grunn at også Olje- og energidepartementet ynskjer at det skal bu folk i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger i framtida.

Vindkraft og inngrepsfrie naturområde

Fjaler kommune sine siste, store og samanhengande inngrepsfrie naturområde (INON – område), har NVE peika ut som eigna for vindkraft. Områda i Fjaler heng nært saman med

INON – områda i kommunane Gaular, Hyllestad og Høyanger. Saman utgjer desse områda i dei fire kommunane samanhengande naturområde med preg av naturlege prosessar og lite menneskeleg påverknad. Vindkraftanlegg vil øydelegge områda for all framtid. Vi reknar med at NVE har oversett desse INON – områda ved ein feil, og vi ber om at feilen vert retta opp ved å ta kommunane ut av nasjonal ramme for vindkraft.

Samanhengande naturområde har kvalitetar vi ikkje finn andre stadar. Områda er viktige for naturmangfald, landskap og friluftsliv, og er difor ein viktig naturarv for framtidige generasjonar, som må takast vare på. Naturområda har ein eigenverdi i seg sjølv, på grunn av fråvær av større tekniske inngrep. INON – områda dekkjer fleire høgdedrag, og har med det stor verdi for naturen si evne til å tilpasse seg klimaendringar. Naturopplevingane i desse områda er nært knytt saman med opplevinga av urørt natur og finne ro. Dette gjer områda særskild viktige både for dei som bur her, og for tilreisande. Områda er attraktive for eit variert og mangfaldig friluftsliv.

Vindkraft og artsmangfaldet

I fjellområda i Gaular, Fjaler og Høyanger har vi ryper som er raudlista med kategori nær trua (NT). I tillegg er her mellom anna ørn, falkeartar, spurvehauk og hønschauk, som er nær trua (NT). Hubro er så langt som vi kjenner til, observert i Hestadgrend i Gaular. Det er også regelmessig observert hekkande kongeørn over Snøheia i Gaular. I Gaular er det også stadvis god storfuglbestand.

Flekk- og Guddalsvassdraget har nokre av dei viktigaste overvintringsområda for vassfugl, slik som songsvane, laksand, lappfiskand og toppand. Lappfiskand er raudlista med kategori sårbar (VU). Å legge vindkraftanlegg i desse område vil difor vere skadeleg for fuglelivet.

Fjella våre er kupperte og eventuell vindkraftanlegg i fjellområda vil krevje store skjeringar og fyllingar. Terrenginngrep som vegar, skjeringar og fyllingar vil vere barrierar for smågnagarar, amfibiar og reptilar. Smågnagarar er nøkkelartar. Nedgang i smågnagarar, vil få fylgjer for heile økosystemet dei er ein del av. Vi har oppfatta det slik at det kan nyttast stadeigne massar til å dekke til skråningar og fyllingar, men det vil ikkje vere nok stadeigne massar til å dekke såra etter vindkraftanlegg. Å punktere myrområde for å dekke til skråningar, vil også gje auke i utslepp av klimagassar. Skjeringar og fyllingar vil også skape barriere for hjort, rev og andre dyr. Plante- og dyrelivet er dårleg kartlagt i områda våre. Det er difor stor uvisse knytt til konsekvensane av vindkraft.

Vindkraft, klimakrise og kraftpolitikk

På informasjonsmøte Gaular kommune hadde om vindkraft den 14.08.2019 vart det frå utbyggjar hevda at utbygging ville medverke til mindre bruk av fossil energi og klimautslepp. Det vart på møte ikkje lagt fram nokon dokumentasjon for at det er ein samanheng mellom vindkraftutbygging og klimautslepp. Tvert om er det slik at Norge sin produksjon og eksport av vindkraft vil ha svært lite å seie for bruken av fossil energi i Europa. Dette vert nyleg stadfesta i ein nyleg framlagt rapport frå organisasjonen Global Carbon Project. Her vert det konkludert med at bruken av olje og gass framleis veks, trass i den sterke veksten i fornybar energi (Klassekampen 24.9.2019)

Det er nyleg lagt fram ein FN-rapport (mai 2019) med dramatiske tal for tap av dyre- og planteartar i verda. Det kjem fram at naturmangfaldskrisa er vel så alvorleg som klimakrisa,

og at det er arealbruken som er hovudgrunnen til tap av artar. Bruk av store fjell- og skogsområde til vindkraft vil vere det motsette av å sikre naturmangfaldet.

Vi vil også vise til at det innan fagrørsla er uroa for kva som vil skje med den kraftkrevjande industrien med stor utbygging av vindkraft og kablar til utlandet. Dei meiner at eksport av kraft vil føre til prisvekst på straum både til privatabonnentane, kommunen og næringslivet. « Dette vil ikkje minst gå ut over dei mest vanskelegstilte og dei som er lågast på lønssstigen. Og importert prisvekst på krafta, vil også utgjere ein alvorleg trussel mot kraftkrevjande industri, som ikkje minst Høyanger er avhengig av», skriv LO Ytre Song i si høyringsfråsegn til rammeplanen.

Vindkraft , kunnskap og demokrati

Vi etterlyser eit grundigare og meir gjennomarbeidd kunnskapsgrunnlag for vindkraft. Slik kunnskapsgrunnlaget og prosessen er i dag, er dette i strid med vanleg normal forvaltning og demokratiske prosessar. Prosessane er sett til side i favør av vindkraftutbygging. Vi krev at erfaringar og konsekvensar for natur, friluftsliv, næring og busetjing i områda der vindkraft er etablert vert evaluert, og at kunnskapsgrunnlaget vert mykje auka før nye rammer for vindkraft vert fastlagt. Lokalsamfunnet, organisasjonslivet og næringslivet må verte høyrde og medverke grundig i prosessane.

Arbeidet med planen har vore for lite grundig når det gjeld å vurdere dei føreslegne områda i samsvar med NVE sine egne kriterier.

Val av område 19 er i strid med NVE sine egne føresetnader. Mellom anna argumenterer NVE med at området er påverka av vasskraftutbygging. Faktum er at det no er lite synlege merke etter vasskraftutbygginga. Derimot vil vindkraftutbygging påverke og rasere dei urørde områda som ligg att på, mellom anna Gaularsida.

Etter at NVE la fram forslag til rammeplan for vindkraft har utbyggingsselskap alt starta med å planlegge utbygging. Dei reiser rundt og forhandlar med grunneigarar i alle dei fire kommunane. Fred Olsen Renewables og Zephyr/BKK har vore svært aktive i områda våre. Selskapa har alt gjort avtale med nokre av grunneigarane i Gaular og Høyanger. Vi meiner dei gjer dette for å påverke og binde opp avgjerda om å få området med i rammeplanen. Vi er svært kritiske til framgangsmåten og meiner den er udemokratisk.

Med kommunestyra sine klare nei til vindkraftplanane burde selskapa stoppe arbeidet og ha respekt for kommunane sine vedtak. Og sentrale styresmakter burde også ha sagt klårt frå om at denne måten å arbeide på ikkje kan aksepterast.

30. september 2019

For Informasjonskomiteen mot vindkraft i Fjaler, Gaular (Sunnfjord frå 1.1.2020), Hyllestad og Høyanger kommune

Gaular/Sunnfjord kommune:

Fjaler kommune:

Ingunn Kjelstad
Åsmund Berthelsen

Linn Hovlandsdal
Geir Helge Møller

Hyllestad kommune:

Anne Rita Aasen
Liv Irene Sysad

Høyanger kommune:

Einar Rysjedal
Vegard Hellem

Vedlegg:

Kommentar til område der vindkraftutbyggar ynskjer å bygge ut.

Utifrå framgangsmåten til vindkraftselskap, har vi valt å kommentere det eine område dei planlegg utbygging i. Vindkraftselskapet har prøvd å påverke grunneigarar med pengar og varmestove og meir.

Området som Zephyr ynskjer seg for utbygging av vindkraft, er i Hyllestad frå: Slettheia (mot Øvreås) Dalsheia og vidare mot Langevatnet. Attende frå Langevatnet ligg: Kvitefjell, Høgenova, Blåfjell, Tauningsnipa og Robba.

*Dette har vore og er eit viktig fjellområde for mange i Hyllestad, samt nabokommunane Fjaler og Høyanger. I dette fjellområdet har det vore og er fleire stølsgrender: Dalsstølane, Tauningsstølane og Espelandsstølane. Nokre av stølane er tekne vare på, og nokre er bygd opp att. Fram til 2.verdskrig var det stølsdrift på stølane.

*Ein finn fleire tjern, som var viktige magasin for kvernhusa nede i bygdene. Ved Dalsstølane ligg Dyttingtjørna, og under Robba ligg Haugsdalstjørna og Nykkedalsvatnet.

*Som ein del av vardesystemet med utgangspunkt i vardar rundt Gulatinget, finn ein vardar, som kan lyse opp vidare nordover og austover. På Blåfjell og Slettheia er det vardestadar. Dei kan lyse vidare nordover mot Høgevarden(Fjaler) og Storehesten (Gaular).

*Området er brukt sommar som vinter. Her kan ein gå lange eller korte fjellturar både til fots og på ski. Det er eit stort samanhengande fjellområde og viddelandskap. Herifrå har ein på toppane utsyn mot Sognefjorden og havet utanfor Vestlandet. Ein kan ta med telt, og gå i fleire dagar, utan å komme fram til sivilisasjon.

*Om sommaren er det beiteland for sau. Her er myrar som er viktige med tanke på karbonlagring, levestad for insekt og fuglar, flaumdemping og molter. Det er fisk i Langevatnet, Kvitefjellsvatnet og Osdalstjønnane.

*Om sommarhalvåret trekkjer hjorten opp i høgfjellet, her er og fuglar som heilo. I heile fjellområdet er det ryer.

* Fjellområdet er nytta som rekreasjons- og friluftsområde. Ein finn merka stiar, men og stiar der ein må bruke kart, eller vere kjend for å finne fram. På Ut.no er det 30 forslag til turar i Hyllestad. Fleire av dei i området Zephyr ynskjer utbygging i.

*Flekk- og Guddalsvassdraget strekkjer seg inn i Hyllestad. Vernerestriksjonane er sterke, og verneområda er forvalta etter rikspolitiske retningslinjer. Vassnedslagsfeltet til Flekke- og Guddalsvassdraget er i Hyllestad sin Landbruks-, natur og friluftsområdeplan (2009-2020) bandlagt etter lov om naturvern.

*Zephyr har blant anna ynskje om utbygging på Slettheia, som i Hyllestad har vasstilførsel mot Sandvatna, ein del av Flekke- og Guddalsvassdraget.

*Det meste av dette området ligg over skoggrensa. Ei eventuell utbygging av vindkraft vil gje store sår i landskapet. I januar 2013 gjekk berre 11,6% av Noreg sitt areal inn under kategorien villmarksprega natur. Då er det minst 5 km i luftline til større tekniske inngrep (SSB). Store delar av nemnde fjellområde er villmarksprega natur. Det er sær viktig at Hyllestad er med på å ta vare på den naturen, og ikkje gjer den om til eit industriområde. Mange vindkraftanlegg er sidan 2013 bygd i urørt natur, og den typen landskap er stadig minkande.